

Barne- og familiedepartementet (BFD)
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
23/00975-5

Saksbehandlar:
Mathias Lia Nordmoen

Dato:
8. november 2023

Bekymring knytt til brot på Bufetats bistandsplikt og nedlegging av døgnplassar på Senter for foreldre og barn

1. Innleiing

Barneombudet har i seinare tid motteke fleire førespurnader frå barneverntenester som beskriv stor mangel på tilbud frå det statlege barnevernet. Bufetats regionar har i korrespondansen sin med oss stadfesta at det i seinare tid har vore mange brot på bistandsplikten. Dette gjeld fosterheimar, beredskapsheim og institusjonsplassar, både akutt og behandling/omsorg - for barn og ungdom.

Det er òg fleire frå både barneverntenester og frå Bufetat sjølv som har varsla om endringar i tilbudet til familiar i Senter for foreldre og barn. Dette gjeld eksempelvis nedleggingar av døgnplassar. Bufetat har i dag ikkje bistandsplikt for denne typen tiltak.

Barneombudet meiner situasjonen verkar alvorleg og at det kan vere behov tiltak.

2. Nærmare om brot på bistandsplikten

Det følger av barnevernsloven § 16-3 at;

*«Barne-, ungdoms- og familieetaten **skal** etter anmodning fra kommunen*

- a. bistå barnevernstjenesten med plassering av barn utenfor hjemmet når det treffes akuttvedtak etter §§ 4-1, 4-2, 4-4 eller 4-5*
- b. bistå barnevernstjenesten med plassering av barn i fosterhjem*
- c. bistå barnevernstjenesten med plassering av barn i barnevernsinstitusjon. Etaten kan i særlige tilfeller tilby plass i spesialisert fosterhjem.»*

Føresegna inneber at Bufetat har ei plikt til å tilby kommunen tiltak dersom vilkåra og føresetnadene til føresegna er oppfylte. Av Prop. 133L (2020-2021) punkt 22.1.1.1 følgjer at;

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo

«Bufetat har en ubetinget plikt til å finne en egnet institusjonsplass eller et egnet fosterhjem når kommunen ber om dette. Bufetat kan ikke avslå kommunens forespørsel, verken av økonomiske eller faglige grunner. Bistandsplikten gjelder både ved planlagte plasseringer og akutt plasseringer.»

Sjølv om Bufetat har ein «absolutt plikt» til å finne institusjon og/eller fosterheimar dersom kommunen har behov for det, klarer dei i mange tilfelle ikkje dette. Den siste tida har det, etter det Barneombudet erfarer, vore ein stor auke i talet på brot på bistandsplikten. Det er etter vårt syn viktig at departementet har gode system for å sikre seg oversikt over kor ofte bistandsplikten blir broten. Endå viktigare er det at departementet no set inn tilstrekkelege tiltak for å hindre at dette skjer framover.

Barneombudet er kjend med at Bufetat skal rapportere brot på bistandsplikten til Bufdir. Bufetats regionar har likevel opplyst til oss at det som blir rapportert inn som brot på bistandsplikten, berre er saker der statsforvaltar har konkludert med brot. Dette gjeld kun i saker der kommunane klagar saka in for statsforvaltar. Rapporteringa fangar (slik vi forstår det) derfor ikkje opp alle tilfelle der Bufetats regionar har bistandsplikt, men ikkje kan levere tenester og tiltak til kommunen. Vi set derfor spørsmålsteikn ved om Bufdir og BFD gjennom rapporteringa får eit reelt bilete av situasjonen i Bufetats regionar.

Konsekvensen av at Bufetat ikkje kan levere tiltak som kommunen ber om kan vere svært alvorleg for dei barna dette gjeld. Som eit døme på korleis situasjonen opplevast i kommunane, har vi innteke eit utdrag frå ein e-post som ein barnevernleiar har sendt til oss;

«Vi har barn som ruser seg på det finner eller får uten å vite hva det er og som kjøres med blålys til sykehusene før de slippes ut igjen til foreldre som ikke makter eller tør å ta de hjem eller til et statlige barnevern som ikke har plass til dem. Noen barn sendes rett ut på gata, andre barn er heldige hvis de får en natt på en sliten toseter på familierommet til barnevernvakta, vegg i vegg med arresten. Rusa, fortvila, fulle av sår innvendig og utvendig. Vi har barn som bytter bort kroppen sin mot rus og en seng å sove i og som hadde trengt en seng de kunne være trygge i.

Vi har kommunale barneverntjenester som bemanner opp sluseleiligheter på institusjoner ved siden av full jobb og som bryter arbeidsmiljøloven for å redde barna som Bufetat ikke har plass til. Vi har barnevernsvakter som ikke klarer å ivareta akuttberedskapen fordi de må sitte hele natta på vaktrommet og passe på ungdom som ikke får akutt plass, selv om de har krav på det og behov for det.

Vi hører historier om barn som utslitte sier til barnevernsansatte at de ansatte skal få en klem dersom barnet kan få en seng å sove i. Vi hører om barneverntjenester som jobber med å hente inn barn de er alvorlig bekymret for og som de finner på hotellrom med eldre menn, rusa på gata eller på steder hvor barn ikke skal oppholde seg dag etter dag, mens de daglig ringer akutt telefon til bufetat og blir avvist med at det blir nok et lovbrudd på bistandsplikten. Disse barna påføres ytterligere traumer og skader fordi det offentlige svikter så alvorlig nå.»

Sjølv om dette ikkje er representativt for alle barneverntenester, beskriv utdraget kor alvorleg enkelte barneverntenester oppfatar situasjonen på noverande tidspunkt.

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo

Barneombudet er kjend med at det i Prop. 8 S (2023–2024) Endringar i statsbudsjettet 2023 under Barne- og familiedepartementet (tilleggsløyving til det statlege barnevernet) er tilført midlar til statleg barnevern.

3. Nærmare om reduksjon av døgnplassar i Senter for foreldre og barn

Senter for foreldre og barn er eit statleg tilbod til sped- og småbarnsfamiliar. Målgruppa er barn i aldersgruppa 0-6 år, og der barna i alderen 0-3 år har prioritet. Utgreiing skal prioriterast framfor hjelpetiltak og tilbodet blir gitt på tre arenaer; døgnopphald, heimebasert og poliklinisk. Det kan òg tilbydast ein kombinasjon av desse arenaene. Sentera hjelper den kommunale barneverntenesta med utgreiing og/eller hjelpetiltak. Målsetjinga med det spesialiserte tilbodet å sørge for.

Bufetat har ikkje bistandsplikt for dette tiltaket. Basert på tilbakemeldingar frå Bufetat prioriterer ikkje Bufetat denne typen tilbod like høgt som tiltak der dei har bistandsplikt. Dette har ført til ein reduksjon i tilbodet. Som eit døme er døgnplassar i Region Vest kutta frå 13 til to plassar. Dette inneber at avdelingane på senteret i Stavanger og Førde no vil stå utan døgnplassar, medan det berre vil vere to plassar i Bergen.

Barneverntenester beskriv til oss at dei no står i fare for å måtte skilje mødrer og barn, som ellers kunne fått hjelp på eit Senter for foreldre og barn. Dette er svært alvorleg for dei familiare det gjeld. Ei åtskiljing av barn frå familien sin, der det faktisk finn verknadsfulle tiltak som er eigna til å halde familien samla, kan utgjere eit brot på både Barnekonvensjonens artikkel 9 og EMK artikkel 8.

Barneombudet er bekymra for at døgnplassar i Senter for familie og barn blir lagde ned og at dette tilbodet ikkje blir prioritert høgare i Bufetat. Vi vil derfor be om ei tilbakemelding på korleis BFD vurderer situasjonen, og kva tiltak som eventuelt vil setjast i verk for å avhjelpe utfordringane på både kort og lang sikt.

4. Barneombudet ber om ei skriftleg tilbakemelding på følgjande spørsmål:

1. I kva omfang har Bufetat brote bistandsplikt dei siste åra?
 - a. Har BFD/Bufdir gjennom rapporteringa frå Bufetat eit reelt bilete av faktiske brot på bistandsplikten?
2. Kva tiltak blir sette i verk frå BFD og/eller Bufdir/Bufetat i tilfelle der bistandsplikten blir broten?
3. Korleis vil departementet sørge for at Bufetats regionar i tida framover – både på kort og lang sikt - kan levere dei tiltaka det er behov for, slik at bistandsplikten ikkje blir broten?
4. Korleis samarbeid Bufetats regionar for å utnytte tiltak på tvers av regionar? Til dømes der det er ledige institusjonsplassar i ein annan region.
5. Er det slik at departementet vurderer at tilleggsløyvet i Prop. 8 S (2023–2024) vil løyse den alvorlege situasjonen kommunane no står i?
 - a. Om dette er tilfellet vil vi be om ei oversikt over korleis midlane faktisk vil bidra til å løyse Bufetats utfordringar med å vareta bistandsplikten.
6. Kva tiltak vil departementet setje i verk for å hjelpe familiar som har behov for eit tilbod frå Senter for foreldre og barn, som ikkje lenger får denne moglegheita?

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo

Med venleg helsing

Inga Bejer Engh
barneombod

Mathias Lia Nordmoen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.